



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FE-223, FA-C00
Arkivsaksnr: 18/783	Løpenr: 19/814
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.02.2019	004/2019
Kommunestyret	21.02.2019	008/2019

Søknad om endring av kommunal garanti for dagsfestivalen Samningakraft

21.02.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 008/2019 Vedtak:

Innvilga underskotsgaranti på kr 200 000 vert trekt.

Samnanger Live AS vert gitt kr 10 000 i tilskot til marknedsføring av Samningakraft uavhengig av gjennomføring av arrangement. Tilskotet vert gitt med følgjande forbehold:

- Innan 01.04.19 skal det leverast ein plan for gjennomføring til administrasjon som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reinhald og hygiene, servering, skjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakten.

Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251

Dersom arrangementet vert gjennomført vert det gitt inntil kr 30 000 i tilskot som skal gå til frivillige lag i kommunen og inntil kr 10 000 til container og lastebil. Arrangøren må på dette tidspunktet ha eit registrert organisasjonsnummer. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251. dersom arrangementet ikkje har økonomiske midlar til å finansiere dette sjølv. Utbetalinga skjer ved framsyning av sluttrekneskap.

07.02.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Avdelingsleiar kultur Meline Heimdal Haugland orienterte om bakgrunnen for at rådmannen foreslår å endra på det tidlegare vedtaket om underskotsgaranti på 200.000 kroner for dagsfestivalen Samningakraft.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 004/2019 Vedtak:

Innvilga underskotsgaranti på kr 200 000 vert trekt.

Samnanger Live AS vert gitt kr 10 000 i tilskot til marknedsføring av Samningakraft uavhengig av gjennomføring av arrangement. Tilskotet vert gitt med følgjande forbehold:

- Innan 01.04.19 skal det leverast ein plan for gjennomføring til administrasjon som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reinhald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til barnnvesenet og mattilsynet.
- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakten.

Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251

Dersom arrangementet vert gjennomført vert det gitt inntil kr 30 000 i tilskot som skal gå til frivillige lag i kommunen og inntil kr 10 000 til container og lastebil. Arrangøren må på dette tidspunktet ha eit registrert organisasjonsnummer. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251. dersom arrangementet ikkje har økonomiske midlar til å finansiere dette sjølv. Utbetalinga skjer ved framsyning av sluttrekneskap.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innvilja underskotsgaranti på kr 200 000 vert trekt.

Samnanger Live AS vert gitt kr 10 000 i tilskot til marknedsføring av Samningakraft uavhengig av gjennomføring av arrangement. Tilskotet vert gitt med følgjande forbehold:

- Innan 01.04.19 skal det leverast ein plan for gjennomføring til administrasjon som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reinhald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til barnnvesenet og mattilsynet.
- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakten.

Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251

Dersom arrangementet vert gjennomført vert det gitt inntil kr 30 000 i tilskot som skal gå til frivillige lag i kommunen og inntil kr 10 000 til container og lastebil. Arrangøren må på dette tidspunktet ha eit registrert organisasjonsnummer. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251. dersom arrangementet ikkje har økonomiske midlar til å finansiere dette sjølv. Utbetalinga skjer ved framsyning av sluttrekneskap.

Dokument som er vedlagt:

Søknad om endring av kommunal garanti mottatt 16.01.19

KS-041/2018 Vedtak

Tilleggsopplysningar og korreksjon som gjeld kommunestyresak 008//2019

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknad om underskotsgaranti mottatt 27.08.18

Vedtaket i Formannskapet 25.10.18 sak nr. 052-2018

Kva saka gjeld:

Måndag 27.08.18 mottok Samnanger kommune søknad frå Knut Høibraaten og Daniel Kvamme om inntil kr 200 000 i underskotsgaranti til dagsfestivalen Samningakraft. Søknaden vart fyrst handsama i Formannskapet 25.10.18 og deretter i Kommunestyret 08.11.18 som sak nr. 041/2018. I vedtaket vert Samningakraft gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18, med forbehold.

Samnanger Live AS, selskapet bak arrangementet, ønskjer å endra den opprinnelege søknaden. I

søknad mottatt 16.01.18 ønskjer dei å søka om kr 10 000 i tilskot på førehand av arrangementet og kr 40 000 i etterkant av arrangementet, men berre om arrangementet vert gjennomført. Det vil ikkje vera behov for den innvilga underskotsgaranti på kr 200 000.

Summane i søknaden er fordelt slik:

Kr 10 000 til markesføring, med ønskje om utbetaling så snart som råd.

Kr 30 000 til frivillige som kun vert utbetalt ved gjennomført arrangement.

Kr 10 000 til container og kostebil som kun vert utbetalt ved gjennomført arrangement.

Vurderingar og konsekvensar:

Opprinneleg søknad om underskotsgaranti på inntil kr 200 000 ville berre tredd i kraft om forbeholda i vedtak 041/2018 vart innvilga. Maks utgift for kommunen ville vore kr 200 000 og minste utgift ville vore kr 0.

I den nye søknaden ber Samnanger Live As om eit tilskot på kr 50 000, men kr 40 000 av desse vert berre aktuelt dersom arrangementet vert gjennomført. Det einaste me veit for sikkert er utgiftene på kr 10 000 dersom ein vedtek å innvilga søknaden. Maksutgiftene for kommunen vil vera kr 50 000 og minste utgift vil vera kr 10 000. Det vert sett føresetnad om at tilskotet på inntil 40.000 kroner vert gjeve dersom arrangementet ikkje kan finansiere dette sjølv.

Sjølv om den nye søknaden fører til ei garantert utgift på kr 10 000 vert risikoen vurdert som mindre enn ved innvilga underskotsgaranti på inntil kr 200 000. Me kan likevel ikkje seia dette for sikkert før ein veit om arrangementet vert gjennomført, og om det eventuelt går i underskot.

Tilskot til markedsføring meiner me kan bidra til positive ringverknader for Samnanger kommune med tanke på omdømebygging, og tilskot til frivillige vil koma frivillige lag i kommunen til gode. Kommunestyret innvilga underskotsgarantien som no Samningakraft seier i frå seg, og får meddelt dette til neste møte. Denne søknaden om søknad om tilskot ligg til formannskapet å handsame.